HISTORIKARVERKSEMDA



# Rivedokumentasjon

Troldhaugvegen 46
gnr. 41 / bnr. 636 m.fl. – Fana, Bergen kommune

# Innhald


| | |
|---|---|
| Innleiing | 3 |
| Oversikt over området | 4 |
| Bygningshistorikk Troldhaugvegen 46 | 5 |
| Synfaring rivingsobjekt | 12 |
| Tilstandsvurdering | 16 |
| Litteratur og kjelder | 17 |



September 2022

PROSJEKT: Troldhaugvegen 46, gnr. 41 / 636 m.fl. (Arealplan-ID 70030000)
TILTAKSHAVAR: T & H Holding AS
KONSULENT: Ard arealplan AS



UTARBEIDD AV: Historikarverksemda SA

KONTAKT: silje@historikarverksemda.no | +47 930 92 524

# Innleiing

Historikarverksemda SA har utarbeidd føreliggande rivedokumentasjon i samband med prosjekt i Troldhaugvegen 46, gnr. 41/ bnr. 636 m.fl. i Fana, Bergen kommune, på oppdrag frå T & H Holding AS. Plankonsulentar er Ard arealplan AS.

Planområdet ligg sentralt plassert på Hop i Fana bydel, og omfattar gnr. 41 / bnr. 636 m. fl. Tilgrensa tomter består hovedsakelieg av bustader – hovudsakleg frittliggande småhusbusetnad. Det er i nyare tid oppført fleire leilegheitsbygg i form av lågblokkbusetnad i nær tilknytning til planområdet.

Tiltakshavar sin intensjon med planforslaget er å etablere konsentrert småhusbusetnad i Troldhaugvegen 46, gnr. 41 bnr. 636. Eksisterende bustad på tomta er planlagt å skulle rivast. Riverapporten er utarbeidd etter mal frå Byantikvaren i Bergen. Synfaring av planområdet vart utført av faghistorikar Håvard Klyve Parr frå Historikarverksemda 18. august 2022. Alle foto er tatt av Historikarverksemda under denne synfaringa med mindre anna er oppgitt i bildeteksten.




*Stipla linje viser planområdet. Kartet er henta frå planskildring datert 13.10.2021.*

# Oversikt over området



*Bilde som viser busetnad rundt planområdet, sett mot aust. Henta frå planskildring datert 13.10.2021.*

Planområdet ligg sentralt på Hop i Fana bydel, og omfattar gnr. 41. bnr. 636 mfl. Nærområdet består hovudsakeleg av bustadar – for det meste frittliggande småhusbusetnad over 2–3 etasjar (einebustadar, tomannsbustadar). Det er i nyare tid oppført fleire leiligheitsbygg i form av lågblokkbusetnad nær til planområdet.

Når det gjeld bustadane i området er det stor variasjon i alder og utforming på desse. Ein finn ein kombinasjon av bustadar frå rundt 1920, samt bustadar og leiligheitsbygg frå starten av 2000-talet. Bustaden i planområdet ligg inntil ein bratt skråning, og terrenget i området stig mot øst.

# Bygningshistorikk Troldhaugvegen 46

Byggeår: 1956
Arkitekt: C. Søfteland (usikkert)

Tomannsbustad oppført i tre, med éin etasje, kjeller og loft. Bustaden vart oppført på fjell med betongfundament, saltak med raud hollandsk takstein. Bustaden fekk også eit lite tilbygg tilknytt fasaden mot nordaust. Bustaden hadde ein enkel etterkrigsmodernistisk stil, med få dekordetaljar. I 1950-åra var det framleis rasjonering på byggemateriell, og bustaden vart sett opp først etter godkjent søknad om materialløyve.

Bustaden har sidan gjennomgått ei rekke endringar i nyare tid.

1997
I følge Byggesaksarkivet vart det ikkje gjort endringar på bustaden før i 1997 – då vart det bygd ein enkel veranda på fasade mot sørvest/søraust. (Sjå teikning frå byggesaksarkivet på side 10).

2004
Bustaden fekk eit opplett i fasade mot sørvest med ein liten altan. Bustaden fekk også ny veranda / terasse i første høgda. (Sjå teikningar frå Byggesaksarkivet på side 11).

2006
Ut i frå dokument i Byggesaksarkivet ser det ut til at det vart sett opp garasje i dette tidsrommet, like sør for bustaden.

Den noverande terassen rundt huset er stor, og går over garasje og bod påbygd i kjellarhøgd. Det er ut i frå Byggesaksarkivet noko vanskeleg å sjå når desse ulike tiltaka er gjennomført, men er truleg blitt gjort etter at garasjen vart bygd i 2006. Terassen som er der i dag er langt større enn vist på teikningar i Byggesaksarkivet frå 2004, og her står også eit tilbygg oppå terrassen i sør.

Bygningskroppen til bustaden oppført i 1956 er framleis lesbar, med påbygg og terassar har i stor grad endra uttrykket til bygget.



*Original arkitektteikning frå 1956, fasade mot sørvest. Kjelde: Byggesaksarkivet, Bergen byarkiv.*



*Original arkitektteikning frå 1956, fasade mot nordaust. Kjelde: Byggesaksarkivet, Bergen byarkiv.*



*Original arkitektteikning frå 1956, fasade mot søraust. Kjelde: Byggesaksarkivet, Bergen byarkiv.*




*Original arkitektteikning frå 1956, fasade mot nordvest. Kjelde: Byggesaksarkivet, Bergen byarkiv.*




*Original arkitektteikning frå 1956, detalj tilbygg. Kjelde: Byggesaksarkivet, Bergen byarkiv.*




*Original arkitektteikning frå 1956, detalj tilbygg. Kjelde: Byggesaksarkivet, Bergen byarkiv.*




*Original arkitektteikning frå 1956 – planskisse kjellar. Kjelde: Byggesaksarkivet, Bergen byarkiv.*




*Original arkitektteikning frå 1956 – planskisse 1. etasje. Kjelde: Byggesaksarkivet, Bergen byarkiv.*




*Original arkitektteikning frå 1956 – planskisse loft. Kjelde: Byggesaksarkivet, Bergen byarkiv.*




*Skisse over påbygg verande – 1997. Kjelde: Byggesaksarkivet, Bergen byarkiv.*



*Teikning av planlagt utbygging – 2004. Kjelde: Byggesaksarkivet, Bergen byarkiv.*

# Synfaring rivingsobjekt



*Dagens situasjon, fasade mot sørvest. Ut frå Byggesaksarkivet ser det ut til at garasjane vart bygd ca. 2006. Byggesaksarkivet viser ikkje når tilbygget på garasjen (som ein kan skimte til høgre i bildet) vart sett opp. Heller ikkje tilbygget i kjellarhøgd som ein ser til venstre i bildet. Teikning på side 11 viser planlagte endringar på dette tidspunktet, men terasse rundt huset er langt større i dag enn det som framgår frå desse teikningane.*



*Dagens situasjon, fasade mot sørvest.*


*Tilbygg på terrasse (oppå garasje), like sør for bustaden.*


*Dagens situasjon, fasadar mot sørvest og søraust. Bildet er tatt frå den store terrassen oppå garasjen.*



*Dagens situasjon – fasade mot nordvest. Bildet er tatt frå terassen (oppå tilbygg mot nord med uvisst byggeår).*



*Dagens situasjon – detaljbilde av opplett og altan bygd ca. 2004.*



*Dagens situasjon, detalj. Tilbygg oppgå garasjetak, ukjent byggeår.*



*Dagens situasjon, detalt terrasse.*

# Tilstandsvurdering

Det er ikkje blitt gjennomført ei teknisk tilstandsvurdering av fagperson.

Utvendig synfaring viser generell mangel på vedlikehald.

# Litteratur og kjelder

Seeiendom.no

Byggesaksarkivet, Bergen kommune

Bergenskart.no

Planskildring frå Ard arealplan